

## **Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 09.04.2014**

Spørsmål om ugildskap for medlemmene i utvalet vart teke opp. Alle medlemmene som er styremedlem eller varamedlem til styre i bompengeselskap gjekk frå ved handsaming av spørsmålet om ugildskap. Det galdt følgjande medlemmer:

Gustav Bahus – varamedlem i bompengeselskapet Bergen-Os  
Atle Kvåle – styremedlem for bompengeselskapet Bergen-Os og Askøypakken  
Anne-Line Innvær – varamedlem for Sunnhordland bru- og tunnellselskap  
Øyvind Hardeland – styremedlem for Halsnøysambandet  
Jostein Ljones – styremedlem for Kvammapakken  
Pål Kårbø – styremedlem for Sunnhordland bru- og tunnellselskap og Nordhordlandspakken  
Inger Ulvund – styremedlem i Askøypakken og Osterøy Bruselskap  
Silja Ekeland Bjørkly – varamedlem til Nordhordlandspakken  
Einar Lutro – styreleiar i Hardangerbrua og styremedlem i Norvegfinans  
Stein Inge Ryssdal – Styremedlem i bompengeselskapet Bergen-Os og Austevoll bompengeselskap  
Alf Helge Greaker – styremedlem i Askøypakken og Bergen bompengeselskap.

Følgjande varamedlemmer tok plass ved vurdering av habiliteten:

Tor Turøy (V), Wenche Tislevoll (H), Gunnar Bakke (FRP), Sandra Valskog (A), Sveinung Valle (A).

Eli Berland tok over leiinga av utvalet ved handsaminga av habilitetsspørsmålet.

Utvalet fann at følgjande medlemmer er habile ettersom dei kun har vore sporadisk møtande varamedlemmer:

Anne-Line Innvær

Silja Ekeland

Gustav Bahus

Pål Kårbø vart funne habil av di Nordhordlandspakken så langt kun er eit pådrivarselskap og Sunnhordland bru- og tunnellselskap er under avvikling.

Varamedlem Tom Sverre Tomren vart funne habil som varamedlem i Nordhordlandspakken.

Utvalet (14 medlemmar) handsama deretter saka.

Før sakshandsaminga tok til orienterte Øistein Jensen frå PWC om innhaldet og konklusjonane i rapporten

**Sveinung Valle** sette fram forslag til endra pkt 2 og nytt pkt 3.

2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapsstrukturen.

3. Fylkesutvalet ynskjer tilbakemelding på svara samferdselsdepartementet gjev om framtidige rammer og bompengeselskapsstruktur før arbeidet med etablering av eit regionalt bompengeselskap vert starta opp.

### **Røysting**

Sveinung Valle sitt forslag til endra innstilling fekk 4 røyster og fall.

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling vart vedteke med 10 røyster.

### **Innstilling**

1. Fylkesutvalet tek førebels rapporten «Regionalt Bompengeselskap i Hordaland» til orientering.
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen tek kontakt med Samferdselsdepartementet for å avklara rammene og prosessen for bompengeselskapstrukturen. Gjev Samferdselsdepartementet klarsignal

for at HFK kan etablera eit regionalt bompengeselskap, ber fylkesutvalet om at fylkesrådmannen startar arbeidet med å etablera eit regionalt bompengeselskap i Hordaland.